

**ÅRSMØTE I  
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND  
-SOGN OG FJORDANE**

**HOTEL ALEXANDRA, LOEN  
16. MARS 2002**

**MØTEREFERAT**

Leiar Kristin Halvorsen opna årsmøtet og ynskte vel møtt.

**Sak 1. Namneopprop**

Leiaren føretok namneopprop, det var møtt opp 29 røysteføre delegatar.  
Der møtte 3 som ikkje var røysteføre: Espen Farstad frå NJFF og dei to tilsette i fylkeslaget: Arne Rebni, undervisningsinstruktør og Reidun Solberg Seim, fylkessekretær

**Sak 2. Val av møteleiar og sekretær**

Møteleiar Gunnstein Husdal. Sekretær Reidun Solberg Seim.  
Gunnstein overtok ordet.

**Sak 3. Val av teljekorps og 2 representantar til å skrive under møteboka**

Teljekorps: Erling Skrede frå Jølster jsfl, Anders Hatløy frå Årdal jff og Oddvar Hjetland frå Høyanger jfl  
Underteikning av møteboka : Dag Einar Gule frå Gloppen jfl og Sven Otto Melheim frå Eid jfl.

**Sak 4. Godkjenning av fullmakter**

Det kom ikkje inn nokon fullmakter

**Sak 5. Godkjenning av innkalling og sakliste**

Audun Sande: Rekneskap og budsjett bør sendast ut i forkant.  
Gunnstein Husdal: styret tar det til etterretning.  
*Vedtak:* innkalling og sakliste samrøystes vedtatt med innkomen merknad.

**Sak 6. Godkjenning av forretningsorden**

*Vedtak:* Forretningsorden vart samrøystes vedteke

**Sak 7. Årsmeldingar for 2001**

Audun Sande: Foreslår at ein ikkje les opp alle årsmeldingane  
Bjarne Huseklepp: Forslag: Tar kvar hovudoverskrift og tar alle kommentarar fortløpande.  
Årsmeldinga vart gjennomgått med følgjande merknader:

*Status arbeidsprogram*

Bj. Huseklepp: kor mange lukka lag er det i fylket ?  
R. Seim: hugsar ikkje, men trur det ligg rundt 5-6 lag

Bj. Huseklepp: dei lukka laga bør stå med namn  
O. Ølmheim: Ser ikkje poeng i at desse skal stå med namn, då bør grunngjevinga også stå der.  
V. Sylvarnes: Einig med Bjarne, bør stå ei oversikt slik at ein lettare kan jobbe med det.  
A. Holme: Ein kan informere fylkeslaget om dette utan at dei lukka laga skal hengjast ut.  
Det var spørsmål kor mange medlemmer fylkeslaget hadde no.

#### *Medlemsutvikling*

R. Seim: I 2001 hadde fylkeslaget 2.831 medlemmer, ein nedgang på eitt medlem når ein ser vekk frå direktemedlemmer.  
Fylkeslaget har ein negativ tendens, spesielt på barne/ ungdomsmedlemmer. Noko av grunnen kan vere at tidlegare så vart ein viss prosent som ikkje stod oppført med alder tildelt denne gruppa. Det gjer det ikkje no lenger. Mange står også oppført direkte i Fiskeklubben og ikkje medlem av lokallag.  
V. Sylvarnes: Årdal jff har hatt eit stort fall i ungdomsmedlemmer. Kan skuldast at ein vedtok å gjere fisket gratis for ungdomar utan krav om medlemskap

#### *Representasjonar*

Det har vore 2 møter i villmarksmessa der fylkeslaget var representert, som ikkje er komne med i oversikten.

#### *Årsmeldingar instruktørar, fagleiarar og tilsette:*

G. Husdal: Fagleiar Vilt omkom få dagar etter årsmøte, ikkje få veker som det står i årsmeldinga.  
A. Holme: Fagleiar Hund har skreve om eit treningsområde som ligg i Flora. Dette er ikkje treningsområde, men eit lukka tilbod til medlemmer om jakt med hund.  
O. Ølmheim: Er det ei målsetjing ved å ha visst antal jegerprøve-instruktørar ?  
B. Huseklepp: Etter det nye kursopplegget er det blitt ei større oppgåve å vere instruktør. Ei oppmoding å ha beredskap fleire instruktørar om nokon instruktørar skulle falle frå.  
O. Hjetland: Firma i Oslo har kjøpt opp og kommersialisert jegerprøveutdanninga. Korleis ser NJFF på det ?  
E. Farstad: Ser ikkje positivt på det, men dei driv lovleg. Nokre som driv kommersialisert har samarbeid med lokale jff, men dei stel kundar frå oss, vil prøve å bremse utviklinga.  
B. Huseklepp: Ynskjer aktive lokallag som er i stand til å ha dette sjølv, må lage eit godt tilbod. Vårt mål er å få utdanne jegerar, dei kommersialiserte sitt mål er nye kundar. Gjennomsnittsprisen før det nye kursopplegget var 562 kroner. Veit ikkje kva gjennomsnittsprisen er i dag. Hyllestad jfl tar kr. 600,- utan bøker. Lokallag kan gje medlemmer jegerprøveboka som ein medlemsfordel, kan ikkje differensiere prisen på kurset på medlemmer / ikkjemedlemmer.  
A. Brørs: I Lærdal er prisen kr. 600,-. Vi sende ut skriv om alle utgifter.  
O. Hjetland: kvifor har dette utarta seg i Oslo ?  
E. Farstad: Lokallaga har eit dårlegare tilbod der, har hatt slikt også på skytesenter.  
K. Halvorsen: få damene til å ringe henne som kvinnekontakt om aktivitetar.

#### *Ymse årsmeldingar:*

A. Gjerde: Er det mogleg å låne utstyr som fylkeslaget har ?

K. Halvorsen: Undervisningsinstruktør har ansvaret for utstyret, han veit kortid han må bruke det.  
A. Rebni: dersom det ikkje kolliderer med mi undervisning, så kan de låne utstyret.  
A. Gjerde: Ny samarbeidsavtale: vil stille med fadrar og dei har fått såpass god tilbakemelding at dei bør ha kurs  
B. Huseklepp: vil bli større og større behov, bør låne ut til skular.  
K. Halvorsen: med forutsetning av at det er i samarbeid med lokallag  
G. Husdal: dei som har behov for utstyr, melder det i god tid slik at ein kan planleggje godt.  
S. A. Forfod: SEV (Skulen og eleven sitt val) : fiske og flugebinding vel mange. –ein marknad for lokallag til samarbeid. I Høyanger går 29 elevar på flugebinding og skal fiske i sommar.

*Vedtak:* Årsmeldinga vart samrøystes vedtatt, med dei merknader som kom inn.

### **Sak 8. Rekneskap for 2000**

Kasserar Vidar Sylvarnes orienterte om at rekneskapen har vore seint utsendt fordi han har vore vekke i eit halvt år, og har i tillegg to rekneskap. Brukt mykje tid på manglande bilag også. 2 revisorar har godkjent rekneskapen utan merknader. Rekneskapen vart delt ut til årsmøtet, styret fekk ein meir ”avansert” utgåve med merknader og kommentarar. Desse kommentarane las kasseraren opp. Har laga nytt oppsett og vonar det er enkelt og forståeleg.

Kommentarar:

S. A. Forfod: kva anbefaler du med reskontroføring ?  
V. Sylvarnes: Ryddig, held seg innanfor året.  
B. Huseklepp: Om mogleg, det beste. I så fall bør vi gjere det.  
V. Sylvarnes: ja, det går  
O. Hjetland: kor mykje dreiar det seg om, rekneskapsmessig ?  
V. Sylvarnes: usikker  
K. Halvorsen: forklar overskotet  
V. Sylvarnes: i grove trekk: midlar til undervisningsprosjektet  
O. Hjetland: kan de lese opp revisors beretning.  
S. O. Melheim: lønn og utgifter til undervisningsinstruktør ikkje med i budsjettet i 2001, kvifor ? Har styret sjølv bestemt at ein skulle byrje med opplegget ?  
R. Seim: det var rett og slett utegløymt. Årsmøtet i fjor vedtok at undervisningsinstr. skulle tilsetjast.

*Vedtak:* Rekneskapen vart samrøystes vedtatt

### **Sak 9 Innkomne saker**

Det var ikkje kome inn saker til årsmøtet  
S. A. Forfod: det har dukka opp ei framleige sak som årsmøtet bør få orientering om  
G. Husdal: tar det til slutt  
K. Halvorsen: bør skrive ein resolusjon  
O. Hjetland: kan ikkje skrive resolusjon når den ikkje er sak.

### **Sak 10 Vedtektsendringar**

K. Halvorsen: Styret sitt framlegg blir litt feil formulert i h.h.t. vedtektene. Kristin informerte om dette.

B. Huseklepp: er usikker på konsekvensane, det skurrar litt at så viktige oppgåver vert sett på vararepresentant, burde vore i styret. Meir info om korleis dette er tenkt ?  
Korleis stiller denne seg i forhold til instruktørane og fylkessekretær ?

K. Halvorsen: Ansiktet utad er Leiar og Fagleiar Vilt og Fisk. Denne skal meir planleggje PR-framstøyt (for året) og reise ut til lokallaga.

T. Eimhjellen: litt eining med Bjarne, ordet konkurranse likar eg ikkje, betre då med aktivitet og kuttar ut informasjon

B. Huseklepp: framleis skeptisk. Trur denne informasjonsdelen må toppast. Lurt å ta ei runde på korleis dette skal vere fordelt i fylkeslaget. Må konkretiserast meir. Kan bli endå meir uklart kvar ansvaret ligg for dei ulike tinga.

K. Halvorsen: Skal ikkje ha noko ansvar og vere ansikt utad. Fagleiar vilt og fisk og andre skal stå fram i media på sine saker. Denne nye er meir informasjon om arbeidet til fylkeslaget.

A. Sande: Det står PR-framstøyt i framlegget

K. Halvorsen: Leiar og Fagleiar vilt og fiske er ansiktet utad.

B. Huseklepp: er like usikker, har allereie personane som skal uttale seg. Person som har ansvaret for aktivitet kan eg godta, men vil ikkje ta med informasjon. Må ta ei runde i fylkeslaget og avklare kven som skal vere kontaktperson id ei ulike sakene. Kan ikkje sjå at det er heilt avklara kva den skal gjere.

S.O. Melheim: Skal denne informasjonen gå til lokallaga ?

K. Halvorsen: skal vere med å dra i gang aktivitet

Ø. Hopland: går meir på profilering då ?

V. Sylvarnes: Skjønner problemet Bjarne ser, men hensikten var fyrst og fremst som ei arbeidsoppgåve internt i org. og ikkje ut i media.

A, Holme: kva med marknadsføring ?

V. Sylvarnes: Det begrepet har vi diskutert. Meinte sjølv at informasjon var eit godt val, men kan kanskje kome med forslag å trekke ordet informasjon.

T. Eimhjellen: Alle er jo med å marknadsføre seg. Vil kutte informasjon.

O. Hjetland: einig med Bjarne. Står ikkje i vedtektene orda Fagleiar Hund og Fagleiar Konkurranse.

K. Halvorsen: litt ueinig i at det skal heite Fagleiarar dei to vararepr. Eigentleg bør vi skrive 1. vara har hovudansvar for aktivitet og 2. vara har hovudansvar for jakthund. Endrar framlegget.

E. Skrede: bør ikkje blande info og aktivitet. Heller aktivitet / konkurranse.

B. Huseklepp: eg kan ikkje fremje noko forslag, men ber årsmøtet sjå på denne saka til neste år og utarbeider kva ein slik fagleiar skal gjere.

S. A. Forfod: Fremjar forslaget til Bjarne

K. Halvorsen: Fremjar forslag om at det vert oppretta eit arbeidsutval som ser på organiseringa av fylkeslaget og utarbeidar forslag til neste årsmøte

S. A. Forfod: trekkjer mitt forslag.

K. Halvorsen: Arbeidsutvalet bør bestå av leiar, avtroppande leiar, nestleiar, ein fylkesinstruktør og fylkessekretær.

A. Holme: foreslår at ein tar med ein representant frå eit lokallag i arbeidsutvalet som ser på det litt utanfrå.

Styret trekkjer sitt framlegg

Forslag på kandidat frå lokallaga og instruktør: Bjarne Huseklepp og Øyvind Hopland.

Forslag til vedtak:

Det vert oppretta eit arbeidsutval som ser på organiseringa og oppgåvene til fylkeslaget og utarbeider ei innstilling før 1. november. Innstillinga sendast ut til

lokallaga før formanskonferansen, der innstillinga skal diskuterast. Utvalet skal bestå av leiar, avtroppande leiar, nestleiar, ein repr. frå fylkesinstruktørane, fylkessekretær og ein frå lokallaga. Styret får fullmakt til å lage mandat til utvalet. Fram til neste årsmøte fungerer Fagleiar Konkurransse som ansvarleg for aktivitet.

*Vedtak:* Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteken

### **Sak 11 Arbeidsprogram for 2001**

Møteleiar las opp overskriftene.

*Kommentarar:*

A. Sande : korleis påverke at lokallaga kjem med i driftsplanarbeidet ?

K. Halvorsen: vi er med på fylkesnivå og passar på at lokallaga vert kontakta for å bli tatt med.

A. Sande: Bør tilføye at fylkeslaget bør vere meir aktive i forvaltningsarbeidet når det gjeld hjort.

A. Gjerde: Naustdal er med i driftsplanen

A. O. Bjørlo: På fylkesnivå er det uinteressant, det er på kommunenivå det skjer. Eid er med. Jeger og Fisk må vere med å påverke.

S. A. Forfod: Synest at formuleringa er god nok. Styret må merke seg det som er sagt og prøve å få fleire lokallag med i arbeidet.

E. Skrede: Må få retningslinjer sentralt slik at ein har klare reglar.

O. Ølmheim: kurs i standplass-leiing ?

A. O. Bjørlo: interesserte må vende seg til meg, må ha minimum 5 deltakarar.

B. Huseklepp: må krevje dato på kurs for å få ei skikkeleg planlegging og informasjon. Dette bør stå i neste årsmelding.

A. Sande: skjer ingenting med treningsområder for fuglehundar.

G. Husdal: Fagleiar Hund har to konkrete områder han jobbar med.

A. Sande: bør samarbeide med Buskerud om området på Fillefjell.

S. A. Forfod: Nytt punkt på 1.1. Medvirke til løysing av lakselusproblemet.

G. Husdal: nytt punkt på økonomidelen: lotteri, trekning på messa i 2003.

*Vedtak:* Arbeidsprogrammet vart samrøystes vedteken med dei kommentarar og endringar som kom fram.

### **Sak 12 Fylkeslaget sin kontingentandel**

Framlegg til årsmøtevedtak: Årsmøtet gjer vedtak om ikkje å endre kontingentandelen.

*Vedtak:* Kontingentandelen vart samrøystes vedteken.

### **Sak 13. Budsjett for 2002**

Kasserar orienterte om budsjettet. Underskotet: brukar 40 000 av overskotet i år til utstyr til undervisningsopplegget.

A. Holme: post 5310, total lønn inkludert overtid ?

R. Seim: har ikkje overtidsbetaling. Stillinga er 50 %.

*Vedtak:* Budsjettet vart samrøystes vedteke

### **Sak 14 Val**

Leiar i valnemnda, Erling Skrede gjorde greie for valnemnda sitt arbeid og framlegg til vedtak. Det var ikkje funne kandidat til Fagleiar Vilt.

Valnemnda hadde forslege attval på Fagleiar Hund, Robert Brenden.

A. Holme: benkeforslag på Fagleiar Hund: Jan B. Skrøppa.

Det var krav om skriftleg val, Skrøppa vart vald med 20 mot 6 røyster. 2 stemte blankt.

Leiar	Audun Sande	Veljast for 2 år
Nestleiar	Gunnstein Husdal	Ikkje på val
Sekretær	Astrid Brørs, Lærdal.	Ikkje på val
Kasserar	Vidar Sylvarnes, Årdal.	Attval for 2 år
Ungdomsleiar	Torger Eimhjellen, Hyen.	Ikkje på val
Fagleiar Vilt	.	Ingen kandidat
Fagleiar Fisk	Sven Arne Forfod, Høyanger.	Ikkje på val

1. vara /Fagleiar Konkurranselars Bjørkeland, Sandane. Attval for 1 år

2. vara /Fagleiar Hund Jan B. Skrøppa Veljast for 1 år

Revisor 1	Reidar Lunde	Veljast for 3 år
Revisor 2	Terje Espe, Eid	Ikkje på val
Revisor vara	Arve Nes, Eid.	Ikkje på val

Valnemnd, leiar	Jan Egil Fimreite, Årdalstangen	1 år
Medlem valnemnd	Svein Otto Melheim, Eid.	2 år
Medlem valnemnd	Rune Ramstad	veljast for 3 år

A. O. Bjørlo: forslag på fagleiar vilt: nestleiar fungerer som Fagleiar Vilt fram til ein har funne nokon

A. Holme: vi som lokallag må ta utfordringa og stille opp å finne ein representant, ikkje ta nokon mellomøysing.

G: Husdal: dersom ein ikkje får tak i Fagleiar Vilt no, bør ein prøva å finne ein kandidat og sende ut forslaget til lokallaga.

*Vedtak:* Framlegget til valnemnda vart samrøystes vedteke unnateke 2. vara / Fagleiar Hund.

Når det gjeld Fagleiar vilt skulle årsmøtedelegatane prøve å finne ein kandidat i løpet av kvelden. Hvis det ikkje vart funne kandidatar då, skulle valnemnda fortsetje sitt arbeid og lokallaga skulle leite grundig etter kandidatar. Styret i seg sjølv prøver også å få tak i kandidatar og sender ut forslag på kandidat til lokallaga. Dersom lokallaga ikkje har innvendingar, fungerer denne personen som Fagleiar Vilt fram til neste årsmøte og blir formelt valt inn då.

Gunnstein Husdal takka Kristin Halvorsen for særst godt arbeid og ynskja henne lukke til vidare. Kristin takka for seg som leiar.

---

Reidun Solberg Seim  
Referent

---

Dag Einar Gule  
Gloppen jfl

---

Svein Otto Melheim  
Eid jfl